



## Møteprotokoll for Formannskapet

**Møtedato:** 31.05.2022  
**Møtestad:** Kommunehuset  
**Møtetid:** 10:00 - 15:15

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Karstein Totland	H	Ordfører
Torill Torsvik Størkersen	AP	Varaordfører
Geir Egil Haugsvær	Sp	Medlem
Erlend Kvamsdal	H	Medlem
Siri Tangedal Kratzmeier	Krf	Medlem

---

**Følgjande frå administrasjonen møtte:**

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen, ass.rådmann Sveinung Toft og rådgjevar Anne Kristin Rafoss som førte møteboka.

---

## Sakliste

Saknr	Tittel
052/2022	Godkjenning av innkalling og sakliste
053/2022	Godkjenning av møtebok
054/2022	Finansrapportering pr. 1.tertial/30.4.2022
055/2022	Økonomisk rapportering - 1.tertial 2022
056/2022	Rammer for årsbudsjett 2023
057/2022	Økonomireglement for Masfjorden kommune
058/2022	Klage på politisk vedtak saknr 003/2022 datert 20.01.2022
059/2022	Klage på administrativt vedtak saknr 019/2022 datert 23.03.2022 der kommunen godkjente søknad om dispensasjon og rammeløyve for utlegging av flytebrygge med landgang gbnr 31/24, Søra Botnevika
060/2022	Sak om utviding av tilkomstvegen til Nordbygda idrettsanlegg og bruk av massar til næringsområde ved Dragseidvegen
061/2022	Kvalitetsmelding 2021/22
062/2022	Revidering av vedtekter for barnehagane i Masfjorden kommune
063/2022	Endra frammøtemønster 1.-4. klasse
064/2022	Forlenging av presteavtalen
065/2022	Kulturmidlar 2022
066/2022	Kulturprisen 2022
067/2022	Kulturtiltaksmidlar 2022
068/2022	Høyringsvar frå Masfjorden kommune vedk. betre polititenester og beredskap
069/2022	Revisjon av Personalreglement Masfjorden kommune
070/2022	Revisjon Seniorpolitikk
071/2022	Revisjon av Lønspolitisk plan
072/2022	Referatsak
073/2022	Saksframlegg Temaplan for demensomsorga 2022 – 2026
074/2022	Salto
075/2022	Etablering av helsefellesskap i Helse Bergen føretaksområde - Overordna samarbeidsavtale og Tenesteavtale 1
076/2022	Kulturvernmidlar 2022
077/2022	Søknad om auka løyving til Bjørn West-museet

## **052/2022: Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjend

### **31.05.2022 FORMANNSKAPET**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **FS - 052/2022 VEDTAK:**

**Innkalling og sakliste vert godkjend**

---

## **053/2022: Godkjenning av møtebok**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Møtebok vert godkjend.

### **31.05.2022 FORMANNSKAPET**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **FS - 053/2022 VEDTAK:**

**Møtebok vert godkjend.**

---

**054/2022: Finansrapportering pr. 1.tertial/30.4.2022**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Finansrapport pr. 30.4.22 vert teken til vitring

**31.05.2022 FORMANNSKAPET**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

**FS - 054/2022 VEDTAK:**

**Finansrapport pr. 30.4.22 vert teken til vitring**

---

## **055/2022: Økonomisk rapportering - 1.tertial 2022**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Rapportering pr. 1.tertial 2022 vert teken til vitring.

Driftsbudsjett 2022 vert endra i samsvar med vedlagte bevillingsoversyn drift.

Investeringsbudsjett 2022 vert endra i samsvar med vedlagte bevillingsoversyn investering.

### **31.05.2022 FORMANNSKAPET**

Økonomi- og personalleiar Svein Viktor Ellingbø møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

### **FS - 055/2022 VEDTAK:**

**Rapportering pr. 1.tertial 2022 vert teken til vitring.**

**Driftsbudsjett 2022 vert endra i samsvar med vedlagte bevillingsoversyn drift.**

**Investeringsbudsjett 2022 vert endra i samsvar med vedlagte bevillingsoversyn investering.**

---

## **056/2022: Rammer for årsbudsjett 2023**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Grunnlag for driftsbudsjett 2023 vert vedteke i samsvar med vedlagte bevillingsoversyn drift.

Grunnlag for investeringsbudsjett 2023 vert vedteke i samsvar med vedlagte bevillingsoversyn investering.

Investeringsaktiviteten gjennom året 2023 vert justert slik at det vert ikkje tatt opp nye lån for investeringsføremål i budsjettåret.

### **31.05.2022 FORMANNSKAPET**

Økonomi- og personalleiar Svein Viktor Ellingbø møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

### **FS - 056/2022 VEDTAK:**

**Grunnlag for driftsbudsjett 2023 vert vedteke i samsvar med vedlagte bevillingsoversyn drift.**

**Grunnlag for investeringsbudsjett 2023 vert vedteke i samsvar med vedlagte bevillingsoversyn investering.**

**Investeringsaktiviteten gjennom året 2023 vert justert slik at det vert ikkje tatt opp nye lån for investeringsføremål i budsjettåret.**

---

## **057/2022: Økonomireglement for Masfjorden kommune**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

**Vedlagte framlegg til økonomireglement for Masfjorden kommune vert vedteke slik det ligg føre.**

### **31.05.2022 FORMANNSKAPET**

Økonomi- og personalleiar Svein Viktor Ellingbø møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

### **FS - 057/2022 VEDTAK:**

Vedlagte framlegg til økonomireglement for Masfjorden kommune vert vedteke slik det ligg føre.

---

## **058/2022: Klage på politisk vedtak saknr 003/2022 datert 20.01.2022**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Felles klage frå grunneigarane i Åbakkevika datert 02.02.2022 vert ikkje teke til følgje. Vedtak gjort i formannskapet i møte 20.01.2022 under saknr 003/2022 vert lagt til grunn. Saka vert i medhald av plan- og bygningslova § 1-9 sendt over til endeleg klagebehandling hjå Statsforvaltaren i Vestland.

### **31.05.2022 FORMANNSKAPET**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart vedteke mot 2 røyster (Ap og Sp).

### **FS - 058/2022 VEDTAK:**

**Felles klage frå grunneigarane i Åbakkevika datert 02.02.2022 vert ikkje teke til følgje. Vedtak gjort i formannskapet i møte 20.01.2022 under saknr 003/2022 vert lagt til grunn. Saka vert i medhald av plan- og bygningslova § 1-9 sendt over til endeleg klagebehandling hjå Statsforvaltaren i Vestland.**

---



**059/2022: Klage på administrativt vedtak saknr 019/2022 datert 23.03.2022 der kommunen godkjente søknad om dispensasjon og rammeløyve for utlegging av flytebrygge med landgang gbnr 31/24, Sørå Botnevika**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Klage frå Statsforvaltaren i Vestland datert 04.04.2022 på administrativt vedtak saknr 019/2022 datert 23.03.2022 der kommunen godkjente søknad om dispensasjon og rammeløyve for utlegging av flytebrygge med landgang gbnr 31/24 vert ikkje teke til følgje. Det vert vist til delegert vedtak datert 23.03.2022 og rådmannen sine vurderingar under. Saka vert i medhald av plan- og bygningslova § 1-9 sendt over til endeleg klagevurdering hjå Statsforvaltaren i Vestland.

**31.05.2022 FORMANNSKAPET**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**FS - 059/2022 VEDTAK:**

**Klage frå Statsforvaltaren i Vestland datert 04.04.2022 på administrativt vedtak saknr 019/2022 datert 23.03.2022 der kommunen godkjente søknad om dispensasjon og rammeløyve for utlegging av flytebrygge med landgang gbnr 31/24 vert ikkje teke til følgje. Det vert vist til delegert vedtak datert 23.03.2022 og rådmannen sine vurderingar under. Saka vert i medhald av plan- og bygningslova § 1-9 sendt over til endeleg klagevurdering hjå Statsforvaltaren i Vestland.**

---

**060/2022: Sak om utviding av tilkomstvegen til Nordbygda idrettsanlegg og bruk av massar til næringsområde ved Dragseidvegen**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Det vert løyvd inntil krone 250.000 til utviding av tilkomstvegen til Nordbygda idrettsanlegg og bortkøyring av steinmassar til næringsområdet ved Dragseidvegen. Midlane vert finansiert over disposisjonsfondet.

**31.05.2022 FORMANNSKAPET**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**FS - 060/2022 VEDTAK:**

**Det vert løyvd inntil krone 250.000 til utviding av tilkomstvegen til Nordbygda idrettsanlegg og bortkøyring av steinmassar til næringsområdet ved Dragseidvegen. Midlane vert finansiert over disposisjonsfondet.**

---

## **061/2022: Kvalitetsmelding 2021/22**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Kommunestyret har gjort seg kjend med kvalitetsmeldinga for barnehage og grunnskule i Masfjorden for skule og barnehageåret 2021-22 og tek meldinga til orientering

### **31.05.2022 FORMANNSKAPET**

Oppvekstleiar Rita Ludvigsen møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

### **FS - 061/2022 VEDTAK:**

**Kommunestyret har gjort seg kjend med kvalitetsmeldinga for barnehage og grunnskule i Masfjorden for skule og barnehageåret 2021-22 og tek meldinga til orientering**

---

## **062/2022: Revidering av vedtekter for barnehagane i Masfjorden kommune**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Framlegg til vedtekter for barnehagane i Masfjorden vert vedteke slik dei ligg føre.

### **31.05.2022 FORMANNSKAPET**

Oppvekstleiar Rita Ludvigsen møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

### **FS - 062/2022 VEDTAK:**

**Framlegg til vedtekter for barnehagane i Masfjorden vert vedteke slik dei ligg føre.**

---

## **063/2022: Endra fram møtemønster 1.-4. klasse**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Saka vert lagd fram til drøfting

### **31.05.2022 FORMANNSKAPET**

Oppvekstleiar Rita Ludvigsen møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Det vart jobba fram følgjande framlegg til vedtak i møtet:

Formannskapet anbefaler at ein ikkje går vidare med denne saka på noverande tidspunkt.

Framlegg til vedtak jobba fram i møtet vart samrøystes vedteke.

### **FS - 063/2022 VEDTAK:**

**Formannskapet anbefaler at ein ikkje går vidare med denne saka på noverande tidspunkt.**

-----

## **064/2022: Forlenging av presteavtalen**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Masfjorden kommune sluttar seg til at avtale kring prestetenesta vert forlenga med ein 3.avtaleperiode, (for perioden 1.1.24- 31.12.26). Kommunen løyver årleg kr. 80.000, til 31.12.2026.

### **31.05.2022 FORMANNSKAPET**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **FS - 064/2022 VEDTAK:**

**Masfjorden kommune sluttar seg til at avtale kring prestetenesta vert forlenga med ein 3.avtaleperiode, (for perioden 1.1.24- 31.12.26). Kommunen løyver årleg kr. 80.000, til 31.12.2026.**

---

## 065/2022: Kulturmidlar 2022

### Rådmannen sitt framlegg:

Kulturmidlar for 2022 vert tildelt slik:

<b>IDRETTS/SKYTTARLAG</b>	<b>2022</b>
Masfjord fotballag	21 000
IL Bjørn West	13 000
Risnes IL	11 000
Fjon UIL, idrett	4000
Fjon skyttarlag	3 000
Oppedal/ Brekke skyttarlag	1 500
<b>SUM UTBETALING KONTO 14700-2100-3800</b>	<b>53500</b>

<b>SONG- OG MUSIKKLAG</b>	<b>2022</b>
Nordbygda skulekorps	17000
Sandnes skulemusikk	17000
Songkoret Spleis	7000
Masfjorden trekkspeklubb	2000
Fjon musikklag	4500
<b>SUM UTBETALING KONTO 14700-2100-3850</b>	<b>47500</b>

<b>UNGDOMSLAG/FRITIDSKLUBBAR</b>	<b>2022</b>
Masfjorden SKU	10000
Fjon ungdoms- og idrettslag	3000
Haugsvær aktivitetshus	3000
<b>SUM UTBETALING KONTO 14700-2100-3850</b>	<b>16 000</b>

<b>DIVERSE TILTAK</b>	<b>2022</b>
Indre Masfjorden pensjonistlag	2000
Masfjordnes pensjonistlag	2000
Nordbygda pensjonistlag	2000
Masfjordspretten	2000
Kvinge grendalag	2000
Haugsvær helselag	4000
Kvinge helselag	2000
Nordbygda helselag	3000
Matre/Haugsdal helselag	2000
Sleire helselag	2000
Granneheimen	2000
Vevstova på Sleire	1000
Sandnes Vel	2000
<b>SUM UTBETALING KONTO 14700-2100-3850</b>	<b>28000</b>

Rådgjevar for kultur Frank Kvinge møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **FS - 065/2022 VEDTAK:**

Kulturmidlar for 2022 vert tildelt slik:

<b>IDRETTS/SKYTTARLAG</b>	<b>2022</b>
Masfjord fotballag	21 000
IL Bjørn West	13 000
Risnes IL	11 000
Fjon UIL, idrett	4000
Fjon skyttarlag	3 000
Oppedal/ Brekke skyttarlag	1 500
<b>SUM UTBETALING KONTO 14700-2100-3800</b>	<b>53500</b>

<b>SONG- OG MUSIKKLAG</b>	<b>2022</b>
Nordbygda skulekorps	17000
Sandnes skulemusikk	17000
Songkoret Spleis	7000
Masfjorden trekkspelklubb	2000
Fjon musikklag	4500
<b>SUM UTBETALING KONTO 14700-2100-3850</b>	<b>47500</b>

<b>UNGDOMSLAG/FRITIDSKLUBBAR</b>	<b>2022</b>
Masfjorden SKU	10000
Fjon ungdoms- og idrettslag	3000
Haugsvær aktivitetshus	3000
<b>SUM UTBETALING KONTO 14700-2100-3850</b>	<b>16 000</b>

<b>DIVERSE TILTAK</b>	<b>2022</b>
Indre Masfjorden pensjonistlag	2000
Masfjordnes pensjonistlag	2000
Nordbygda pensjonistlag	2000
Masfjordspretten	2000
Kvinge grendalag	2000
Haugsvær helselag	4000
Kvinge helselag	2000
Nordbygda helselag	3000
Matre/Haugsdal helselag	2000
Sleire helselag	2000
Granneheimen	2000
Vevstova på Sleire	1000
Sandnes Vel	2000
<b>SUM UTBETALING KONTO 14700-2100-3850</b>	<b>28000</b>

---



## **066/2022: Kulturprisen 2022**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Masfjorden kommune sin kulturpris for 2022 vert tildelt .....

### **31.05.2022 FORMANNSKAPET**

Rådgjevar for kultur Frank Kvinge møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Det vart jobba fram følgjande framlegg til vedtak i møtet:

Masfjorden kommune sin kulturpris for 2022 vert tildelt - namnet vert offentleg når prisen er utdelt

Framlegg til vedtak jobba fram i møtet vart samrøystes vedteke

### **FS - 066/2022 VEDTAK:**

**Masfjorden kommune sin kulturpris for 2022 vert tildelt - namnet vert offentleg når prisen er utdelt.**

---

## 067/2022: Kulturtiltaksmidler 2022

### Rådmannen sitt framlegg:

Basert på søknadane og vedlagte budsjett innstiller rådmannen på at tilskot vert fordelt slik:

Søkjar	Tiltak	Dato	Søknadssum	Tilskot
Fjordtun kafé	Kulturarrangement	Heile året	18 000	15 000
Kvingo nærkjøp	Kulturarrangement	Heile året	12 000	15 000
Sleirsfjellet opp/ Risnes IL	Sleirsfjellet opp	4. juni	30 000	20 000
Stordalen oppleving	Kulturarrangement	Heile året	35 000	10 000
Masfjorden amerikansk fotball og cheerleading	Tilskot til drakter	10. juni	15 000	5 000
				65 000
<b>Ikkje tildelt</b>				<b>35 000</b>
<b>SUM</b>			<b>110 000</b>	<b>100 000</b>

### 31.05.2022 FORMANNSKAPET

Rådgevar for kultur Frank Kvinge møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### FS - 067/2022 VEDTAK:

Basert på søknadane og vedlagte budsjett innstiller rådmannen på at tilskot vert fordelt slik:

Søkjar	Tiltak	Dato	Søknadssum	Tilskot
Fjordtun kafé	Kulturarrangement	Heile året	18 000	15 000
Kvingo nærkjøp	Kulturarrangement	Heile året	12 000	15 000
Sleirsfjellet opp/ Risnes IL	Sleirsfjellet opp	4. juni	30 000	20 000
Stordalen oppleving	Kulturarrangement	Heile året	35 000	10 000
Masfjorden amerikansk fotball og cheerleading	Tilskot til drakter	10. juni	15 000	5 000
				65 000
<b>Ikkje tildelt</b>				<b>35 000</b>
<b>SUM</b>			<b>110 000</b>	<b>100 000</b>

-----

## **068/2022: Høyringsvar frå Masfjorden kommune vedk. betre polititenester og beredskap**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Masfjorden kommune sender høyringsuttale vedk. betre polititenester og beredskap i tråd med svar på spørsmåla i saksutgreiinga.

### **31.05.2022 FORMANNSKAPET**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **FS - 068/2022 VEDTAK:**

**Masfjorden kommune sender høyringsuttale vedk. betre polititenester og beredskap i tråd med svar på spørsmåla i saksutgreiinga.**

---

## **069/2022: Revisjon av Personalreglement Masfjorden kommune**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Personalreglement Masfjorden kommune vert vedteke slik det ligg føre.

### **24.05.2022 ARBEIDSMILJØUTVALET**

Endringar i personalreglementet vart presentert.

#### **AM - 015/2022 VEDTAK:**

Personalreglement Masfjorden kommune vert vedteke slik det ligg føre.

### **31.05.2022 ADMINISTRASJONSUTVALET**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå Arbeidsmiljøutvalet vart samrøystes (6 røyster) tilrådd til formannskapet.

#### **AU - 009/2022 VEDTAK:**

Personalreglement Masfjorden kommune vert vedteke slik det ligg føre.

### **31.05.2022 FORMANNSKAPET**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå Administrasjonsutvalet vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

#### **FS - 069/2022 VEDTAK:**

**Personalreglement Masfjorden kommune vert vedteke slik det ligg føre.**

---

## **070/2022: Revisjon Seniorpolitikk**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Seniorpolitikk for Masfjorden kommune vert vedteke slik det ligg føre.

### **24.05.2022 ARBEIDSMILJØUTVALET**

Endringar i seniorpolitikk vart presentert.

#### **AM - 016/2022 VEDTAK:**

Seniorpolitikk for Masfjorden kommune vert vedteke slik det ligg føre.

### **31.05.2022 ADMINISTRASJONSUTVALET**

Ørjan Valestrand (Utdanningsforbundet) sette fram følgjande endringsforslag til pkt f):

For å gje ein honnør for seniorar som held fram i arbeid, vert det gjev eit seniortillegg:

Frå fylte 63 år - kr 7 500,- pr år i 100 % stilling

Frå fylte 65 år - auke på kr 7 500,- (totalt kr 15 000,- pr år i 100 % stilling)

Den som har teke ut delvis AFP-pensjon eller går i deltidsstilling får seniortillegget redusert tilsvarande.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå Arbeidsmiljøutvalet vart røysta opp mot framlegg til vedtak frå Utdanningsforbundet.

Framlegg til vedtak frå Arbeidsmiljøutvalet vart tilrådd til formannskapet med 3 røyster (H , Krf og Fagforbundet) mot 3 røyster (Sp, Ap og Utdanningsforbundet) då utvalsleiar stemte for framlegget frå Arbeidsmiljøutvalet.

#### **AU - 010/2022 VEDTAK:**

Seniorpolitikk for Masfjorden kommune vert vedteke slik det ligg føre.

### **31.05.2022 FORMANNSKAPET**

Torill Torsvik Størkersen (Ap) sette fram følgjande framlegg til endringsforslag til pkt f):

For å gje ein honnør for seniorar som held fram i arbeid, vert det gjev eit seniortillegg:

Frå fylte 63 år - kr 7 500,- pr år i 100 % stilling

Frå fylte 65 år - auke på kr 7 500,- (totalt kr 15 000,- pr år i 100 % stilling)

Den som har teke ut delvis AFP-pensjon eller går i deltidsstilling får seniortillegget redusert tilsvarande.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå Administrasjonsutvalet vart røysta opp mot framlegg til vedtak frå Ap.

Framlegg til vedtak frå Administrasjonsutvalet vart tilrådd til kommunestyret mot 2 røyster (Ap og Sp).

**FS - 070/2022 VEDTAK:**

**Seniorpolitikk for Masfjorden kommune vert vedteke slik det ligg føre.**

---

## **071/2022: Revisjon av Lønspolitisk plan**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Lønspolitisk plan vert vedteke slik den ligg føre.

## **24.05.2022 ARBEIDSMILJØUTVALET**

### **AM - 017/2022 VEDTAK:**

Lønspolitisk plan vert vedteke slik den ligg føre.

## **31.05.2022 ADMINISTRASJONSUTVALET**

Ørjan Valestrand (Utdanningsforbundet) sette fram følgjande framlegg til endring av pkt Løn ved kompetanseauke, 2 avsnitt:

eit kvart års vidareutdanning / 15 studiepoeng - kr 7 500,-

eit halvt års vidareutdanning / 30 studiepoeng - kr 15 000,-

eit års vidareutdanning / 60 studiepoeng - kr 30 000,-

Dersom tilsette byggjer vidare på utdanninga og som eit resultat av dette får ny stillingskode som utløyser høgare løn fell kompetanseauken bort.

Saka vart drøfta.

Rådmannen sa at kompetanseplanen var planlagt lagt fram politisk i september og at framlegget frå Utdanningsforbundet bør vere ein del av diskusjonen rundt denne planen. Administrasjonsutvalet slutta seg samla til dette og Utdanningsforbundet trekte sitt framlegg til vedtak.

Framlegg til vedtak frå Arbeidsmiljøutvalet vart samrøystes tilrådd til formannskapet

### **AU - 011/2022 VEDTAK:**

Lønspolitisk plan vert vedteke slik den ligg føre.

## **31.05.2022 FORMANNSKAPET**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå Administrasjonsutvalet vart samrøystes vedteke.

### **FS - 071/2022 VEDTAK:**

Lønspolitisk plan vert vedteke slik den ligg føre.

---

## **072/2022: Referatsak**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Referatsaker vert tekne til orientering

### **31.05.2022 FORMANNSKAPET**

#### Drøftingssaker:

1. Masfjordsambandet/bru

Formannskapet drøfta status rundt Masfjordbrua og ønskjer at kommunen har dialog med fylkeskommunen med tanke på justert søknad for å sikre framdrift og realisering av bruprojektet.

2. Konesjonskraft 2023

3. Frivilligsentral (ikkje sak til fs., men legg opp til sak direkte til kommunestyremøte)

4. Masfjorden sokn, utviding av kyrkjeverje frå 50 til 70%

Formannskapet ser positivt på dette og bad rådmannen lage ei sak til neste formannskapsmøte for å få på plass det formelle.

5. Ungdomsfond

Formannskapet samla seg om at det bør innarbeidast ein sum på kr 50 000 til ungdomsfond i årlege budsjett samt utarbeide retningsliner for bruken av eit slikt fond.

#### Referatsaker:

Skriv 1 - Bunadsgåve til Masfjorden kommune

Skriv 2 - Kyrkjebygg og auka utgifter til straum

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **FS - 072/2022 VEDTAK:**

**Referatsaker vert tekne til orientering.**

---



## **073/2022: Saksframlegg Temaplan for demensomsorga 2022 – 2026**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Temadelplan for demensomsorga 2022 – 2026 vert vedteken slik den ligg føre.

### **31.05.2022 FORMANNSKAPET**

Helse- og omsorgsleiar Oddvin Neset møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Rådmannen gjorde merksam på at høyringsfristen for temaplanen er i dag og at planen kan bli endra fram mot kommunestyret etter innkomne høyringssvar. Vektak frå eldrerådet bør og innarbeidast i temaplanen før kommunestyremøtet.

Det vart jobba fram følgjande framlegg til vedtak i møtet:

Formannskapet ber om at innkomne høyringssvar samt vedtaket frå Eldrerådet vert innarbeidd i temaplanen før saka kjem opp i kommunestyret.

Framlegg til vedtak jobba fram i møtet vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

### **FS - 073/2022 VEDTAK:**

**Formannskapet ber om at innkomne høyringssvar samt vedtaket frå Eldrerådet vert innarbeidd i temaplanen før saka kjem opp i kommunestyret.**

---

## **074/2022: Salto**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Masfjorden kommune inngår ny driftsavtale ungdomskontakten Salto for 2022-2024

Avtalen vert inngått med Alver kommune

Masfjorden kommune inngår ny driftsavtale ungdomskontakten Salto for 2022-2024

Avtalen vert inngått med Alver kommune.

## **31.05.2022 FORMANNSKAPET**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

### **FS - 074/2022 VEDTAK:**

**Masfjorden kommune inngår ny driftsavtale ungdomskontakten Salto for 2022-2024**

**Avtalen vert inngått med Alver kommune**

---

**075/2022: Etablering av helsefellesskap i Helse Bergen føretaksområde - Overordna samarbeidsavtale og Tenesteavtale 1**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Masfjorden kommune sluttar seg til framlegg til revidert *Overordna samarbeidsavtale og Tenesteavtale 1 – overordna føringar for samarbeidsstruktur og samarbeidsformer i helsefellesskapet.*

**31.05.2022 FORMANNSKAPET**

Helse- og omsorgsleiar Oddvin Neset møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

**FS - 075/2022 VEDTAK:**

**Masfjorden kommune sluttar seg til framlegg til revidert *Overordna samarbeidsavtale og Tenesteavtale 1 – overordna føringar for samarbeidsstruktur og samarbeidsformer i helsefellesskapet.***

---

## **076/2022: Kulturvernmidlar 2022**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Det vert for 2022 løyvd

- kr 25 000 til restaurering av sag og mølle på Åbakken 30
- kr 35 000 til restaurering av husmannsplass på Sleirsholmen
- kr 10 000 til istandsetjing av renne/ sløk til kvernhus, Kvingo

Midlane vert utbetalt så snart arbeid er gjennomført og enkelt rekneskap vert sendt kommunen.

Frist for dette arbeid vert sett til 01.09.2023.

### **31.05.2022 FORMANNSKAPET**

Rådgjevar for kultur Frank Kvinge møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **FS - 076/2022 VEDTAK:**

Det vert for 2022 løyvd

- kr 25 000 til restaurering av sag og mølle på Åbakken 30
- kr 35 000 til restaurering av husmannsplass på Sleirsholmen
- kr 10 000 til istandsetjing av renne/ sløk til kvernhus, Kvingo

Midlane vert utbetalt så snart arbeid er gjennomført og enkelt rekneskap vert sendt kommunen.

Frist for dette arbeid vert sett til 01.09.2023.

---

## **077/2022: Søknad om auka løyving til Bjørn West-museet**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

#### **Framlegg til vedtak:**

- Det årlege kommunale tilskotet til Museum Vest vert auka frå kr 400 000 til kr 480 000 gjeldande frå 01.01.23. Dette under føresetnad av at den totale budsjetttramma under 3750 Museum vert auka tilsvarande, slik at alle oppgåver på museumsområdet kan bli ivaretekne.
- Det vert inngått ein vedlikehaldsavtale mellom Stiftinga Bjørn West-museet og Masfjorden kommune der teknisk etat ( TML) får ansvar for normalt vedlikehald av museumsbygningane.
- Sidan museet ikkje har blitt tilgodesett med vedlikehaldsmidlar frå kommunen sidan konsolideringa i 2016 yter kommunen eit eingongstilskot kr 100 000 til normalt vedlikehald. Summen vert utbetalt i 2022.
- Det vert ikkje løyvd eingongstilskot på kr 75 000 for å dekkja delar av underskot i 2021.
- Det vert ikkje løyvd eingongstilskot for 2022 på kr 100 000 for naudsynt fornying og auka kostnader knytt til utstillingar, vedlikehald ombyggingar. Masfjorden kommune yter alt midlar til dette gjennom det årlege tilskotet.

### **31.05.2022 FORMANNSKAPET**

Rådgjevar for kultur Frank Kvinge møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

### **FS - 077/2022 VEDTAK:**

#### **Framlegg til vedtak:**

- Det årlege kommunale tilskotet til Museum Vest vert auka frå kr 400 000 til kr 480 000 gjeldande frå 01.01.23. Dette under føresetnad av at den totale budsjetttramma under 3750 Museum vert auka tilsvarande, slik at alle oppgåver på museumsområdet kan bli ivaretekne.
  - Det vert inngått ein vedlikehaldsavtale mellom Stiftinga Bjørn West-museet og Masfjorden kommune der teknisk etat ( TML) får ansvar for normalt vedlikehald av museumsbygningane.
  - Sidan museet ikkje har blitt tilgodesett med vedlikehaldsmidlar frå kommunen sidan konsolideringa i 2016 yter kommunen eit eingongstilskot kr 100 000 til normalt vedlikehald. Summen vert utbetalt i 2022.
  - Det vert ikkje løyvd eingongstilskot på kr 75 000 for å dekkja delar av underskot i 2021.
  - Det vert ikkje løyvd eingongstilskot for 2022 på kr 100 000 for naudsynt fornying og auka kostnader knytt til utstillingar, vedlikehald ombyggingar. Masfjorden kommune yter alt midlar til dette gjennom det årlege tilskotet.
-

Rett utskrift frå møteboka frå formannskapet 31.05.22 vert vitna:

---

Karstein Totland  
ordfører

---

Torill Torsvik Størkensen  
varaordfører